



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Birte Markeseth Aasen,

Vår dato
16.10.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/10336 730
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Invitasjon til dialogmøte om samarbeid og gjennomføring av reforma Leve hele livet

Regjeringa la fram St. melding 15 (2017-2018) Leve hele livet- En kvalitetsreform for eldre den 4. mai 2018. Meldinga skal handsamast i Stortinget oktober-november 2018.

Målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å meistre livet, pårørende skal kunne ta del utan at dei vert utslitne og tilsette skal få bruke kompetansen sin.

Målgruppe er eldre over 65 år, både heimebuande og institusjonsbuarar. Reforma er særleg retta mot helse- og omsorgstenesta, men alle sektorar må bidra for å skape eit aldersvenleg samfunn.

Fylkesmannen skal saman med KS ha ei sentral rolle i gjennomføringa av reforma. Fylkesmannen skal også inngå eit formalisert samarbeid med KS og Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT), samt samarbeide med fylkeskommunane, regionale fagmiljø, fylkeseldreråd og aktuelle organisasjonar.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland blir frå 1. januar 2019 Fylkesmannen i Vestland. Denne invitasjonen er felles frå dei to embeta. Arbeidet med «Leve hele livet» blir organisert i ei felles tverrfagleg arbeidsgruppe sett saman av tilsette frå begge embeta.

De vert med dette invitert til oppstartmøte der tema vil vere korleis vi skal samarbeide om gjennomføringa av reforma.

Tid: 28. – 29. november 2018
Stad: Park hotell Vossevangen, Voss

Program:

Onsdag 28. november

kl. 12.00 – 13.00 Velkommen og presentasjon v/ Fylkesmannen

kl. 13.00 – 14.00 Lunsj

kl. 14.00 – 15.00 Leve hele livet – presentasjon av reforma v/ Fylkesmannen

kl. 15.00 – 15.45 Roller, forventningar og forventningsavklaring – korte førebudde innlegg frå deltakarane

kl. 15.45 – 16.00 Pause

kl. 16.00 – 17.00 Roller, forventningar og forventningsavklaring – førebudde innlegg framhald

kl. 19.00 Middag

Torsdag 29. september

Kl. 08.30 – 09.00 Samarbeid om gjennomføringa. Innleiing

Kl. 09.00 – 12.00 Gruppearbeid. Korleis kan vi samarbeide? Kva kan de bidra med?

Kl. 10.15 – 10.30 Pause

Kl. 10.30 – 12.00 Gruppearbeid. Innspel til framdriftsplan for gjennomføringa av reforma

Kl. 12.00 – 13.00 Oppsummering gruppearbeid. Vegen vidare

Kl. 13.00 – 13.10 Avslutning

Kl. 13.10 – 14.00 Lunsj

Vi ber om tilbakemelding innan 1. november 2018 om de har høve til å delta. Fylkesmannen vil dekke deltakaravgift og overnatting.

Fylkesmannen ser fram til eit godt møte og vidare samarbeid om eit spennande tema.

Vel møtt.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Birte Markeseth Aasen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.